



DET KONGELEGE KOMMUNAL-  
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

# Prop. 137 L

(2015–2016)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

## Endringar i bustøttelova (bustøtte til enkeltpersonar i bukollektiv)

*Tilråding frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet 3. juni 2016,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Solberg)*

### 1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Kommunal- og moderniseringsdepartementet føreslår i denne proposisjonen ei endring i bustøttelova som utvidar tilgangen til å gje bustøtte på individuelt grunnlag til flyktningar og andre vanskelegstilte som bur i bukollektiv.

### 2 Bakgrunn

#### 2.1 Føremål

Regjeringa vil sørgje for ei god og fleksibel ordning for bustøtte som bidreg til at fleire kan få ein eigna bustad. Bukollektiv kan vere ein godt eigna bustad for flyktningar og andre vanskelegstilte. Ved å utvide moglegheita for å gje bustøtte til enkeltpersonar i bukollektiv kan ein busetje flyktningar og andre som treng ein bustad, raskt. Bruk av bukollektiv kan også bidra til at den enkelte får lågare buutgifter og dermed blir raskare sjølvhjelpen med eiga inntekt. Forslaget vil gje kommunane eit større handlingsrom til å utnytte bustadmassen og den private bustadmarknaden når dei skal busetje flyktningar og andre vanskelegstilte.

Forslaget er varsla under punkt 3.3.3 i integreringsmeldinga, jf. Meld. St. 30 (2015–2016) *Fra mottak til arbeidsliv – en effektiv integreringspolitikk*.

Forslaget følgjer også opp Stortingets oppmodingsvedtak nr. 800 (2014–2015), som blei gjeve av eit breitt fleirtal på Stortinget 17. juni 2015, då representantforslaget «Dokument 8:135 S (2014–2015) om økt norsk innsats i forbindelse med den humanitære krisen i Syria og nærområdene» blei handsama. Oppmodingsvedtaket lyder slik:

«Stortinget ber regjeringen om å foreta en vurdering av om bustøtteordningen bør gjøres gjeldende for personer bosatt i bukollektiver.»

#### 2.2 Høyringsforslag

Kommunal- og moderniseringsdepartementet sende 10. mai 2016 på høyring eit forslag om ei endring i bustøttelova som utvidar tilgangen til å gje bustøtte til flyktningar og andre vanskelegstilte som bur i bukollektiv. Det blei også føreslått nokre mindre språklege justeringar for å klargjere reglane. Forslaget blei sendt til desse høyringsinstansane:

Alle departementa  
Kommunane

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet  
Forbrukarrådet  
Husbanken  
Husleigetvistutvalet

Innovasjon Noreg  
Integrerings- og mangfaldsdirektoratet  
Nav  
Utlendingsdirektoratet

Den Norske Advokatforening  
Ensliges landsforbund  
Fattighuset  
Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon  
Huseiernes Landsforbund  
Juss-Buss  
Kirkens Bymisjon  
Kommunale boligadministrasjoners landsråd  
KS  
Leieboerforeningen  
Norges Huseierforbund  
Norske Boligbyggelags Landsforbund (NBBL)  
Unge Funksjonshemmede

Høyringsfristen gjekk ut 25. mai 2016. Departementet fekk inn 22 høyringsfråsegner. Alle dei som uttala seg om realiteten i forslaget, støtta det. Desse var:

Nav Askvoll  
Nav Porsgrunn

Bergen kommune  
Bærum kommune  
Drammen kommune  
Hammerfest kommune  
Nedre Eiker kommune  
Stange kommune  
Stavanger kommune  
Sula kommune  
Sør-Varanger kommune  
Vinje kommune

Huseiernes Landsforbund  
Juss-Buss  
Leieboerforeningen

Desse høyringsinstansane hadde ikkje merknader til forslaget:

Arbeids- og sosialdepartementet  
Helse- og omsorgsdepartementet  
Justis- og beredskapsdepartementet  
Kunnskapsdepartementet  
Landbruks- og matdepartementet  
Samferdselsdepartementet  
Utanriksdepartementet

### 3 Litt om bustøtteordninga og gjeldande rett

#### 3.1 Føremål med bustøttelova

Det følgjer av bustøttelova § 1 at føremålet med bustøtta er «å sikre personar med låge inntekter og høge buutgifter ein høveleg bustad». Bustøtteordninga er ei yting som er basert på rettar, og som dekkjer delar av buutgiftene til husstanden. Bustøtta er eit fundament i den bustadsosiale politikken og er det mest sentrale verkemiddelet staten har på dette området. I Sundvolden-plattformen står det at regjeringa vil «sørge for en god og fleksibel bustøtteordning».

Tildelinga er behovsprøvd. Bustøtta er direkte retta inn mot dokumenterte buutgifter og skil seg slik sett frå inntektssikringsordningar som trygd og sosialhjelp.

#### 3.2 Vilkår og utrekning

Vilkåra for tildeling av bustøtte finn ein i lova.

Søkjaren må vere over 18 år, ha lovleg opphald i Noreg og vere registrert i folkeregisteret. Studentar og vernepliktige fell utanfor ordninga, men studentar med ungar kan få bustøtte.

Bustaden må vere godkjend som bustad og tilfredsstillende visse krav til standard.

Dersom vilkåra som er knytte til person og bustad er oppfylte, er det forholdet mellom buutgiftene og inntekta som avgjer om det blir tildelt støtte, og i så fall kor mykje. Retten til støtte er i stor grad inntektsavhengig. Det har også noko å seie kor mange personar det er i husstanden, og kva kommune husstanden høyrer til.

#### 3.3 Saksgang

Kommunane er førstelinje i sakshandsaminga, men det er Husbanken som gjer vedtak. Bustøtte blir rekna ut og vedteke for ein månad om gongen. Klagenemnda for Husbanken handsamar klager på vedtaka.

#### 3.4 Omgrepet «husstand» er sentralt i bustøtteordninga

I dagens bustøtteregulering er «husstand» eit sentralt omgrep. Forskrift om bustøtte § 10 seier at «både dei som faktisk bur i bustaden og dei som er registrerte i folkeregisteret som busette på adressa, blir rekna med i husstanden». Det er dei samla inntektene og utgiftene til husstanden som er avgjerande for retten til bustøtte.

Verken lova eller forskrifta definerer omgrepet, men i daglegtale er det vanleg å seie at ein husstand består av ein eller fleire personar, eventuelt ein eller fleire familiar, som har felles hushald. Felles hushald føreset at husstandsmedlemmene i større eller mindre grad har felles økonomi, til dømes gjennom felles innkjøp av daglegvarer, felles betaling av rekningar og ved at dei eit eller fleire daglege måltid saman. Utrekningsreglane i bustøtteforskrifta tek utgangspunkt i dei samla inntektene og utgiftene i husstanden og legg vekt på kor mange personar det er i husstanden.

### 3.5 Dei samla inntektene og buutgiftene til husstanden er avgjerande for retten til bustøtte – også for bukollektiv

Hovudregelen i dagens regelverk er at alle som er busette på ei og same adresse, blir rekna som ein husstand som må søkje bustøtte ut frå dei samla inntektene og dei samla buutgiftene til dei som bur der. Dette fører som oftast til at dei samla inntektene og buutgiftene blir for høge til at enkeltpersonane kan få bustøtte. I praksis er det derfor tilnærma umogleg for personar som bur saman med andre, til dømes i eit vennekollektiv, å få bustøtte.

### 3.6 Kva krav stiller dagens lov til kvaliteten på bustaden? Hovudregel

Bustøttelova § 5 første ledd stiller krav til kvaliteten på bustaden til bustøttesøkjaren. Bustaden må for det første vere «sjølvstendig» og ha eigen inngang. Det vil seie at han skal vere skild frå andre bustader, og at han ikkje kan ha inngang gjennom ein annan bustad. For det andre må bustaden ha eige bad og toalett. For det tredje er det eit krav at bustaden gjev høve til å lage mat. Det vil seie at det må vere innreidd ein enkel kjøkkenfunksjon som gjer det mogleg å lage varme måltid og vaske opp. Til slutt er det i føresegna eit krav at bustaden gjev høve til kvile. Dette vil seie at han må ha plass til ei seng.

### 3.7 Gjennom å gjere unntak frå kvalitetskrava kan enkeltrom i bukollektiv bli rekna som ein bustad og kvar person som ein husstand

Etter bustøttelova § 5 andre ledd kan ein gjere unntak frå kvalitetskrava for utleigebustader der kommunen har gjort vedtak om tildeling til helse- og sosialføremål, dersom bustaden er organisert

som bufellesskap eller liknande. Dersom vilkåra i unntaksføresegna er oppfylte, vil ein kunne rekne kvart enkelt rom som ein bustad, slik at kvar person blir rekna som ein husstand. Dermed får også personane rekna ut bustøtte enkeltvis, det vil seie utan at inntekta til dei andre i bukollektivet blir rekna med.

Lova definerer ikkje kva som er eit bukollektiv. Ei naturleg språkleg forståing av ordet kan vere ein bustad der den som bur der, har eige soverom, men deler kjøkken, bad og eventuelle opphaldsrom med andre. Etter det departementet kjenner til, blir unntaksregelen i dag hovudsakleg brukt til å gje bustøtte til personar som bur kollektivt i omsorgsbustader og liknande.

For at unntaket i § 5 andre ledd i lova skal komme til bruk, må to vilkår vere oppfylte. For det første må kommunen tildele bustaden til eit helseføremål eller til eit sosialt føremål. Det vil seie at bustadtildelinga må ha ei helse- eller sosialfagleg grunngeving. Kommunal busetjing av flyktningar er, slik departementet ser det, eit døme på eit sosialt tildelingsføremål. For det andre er det eit vilkår at kommunen har *tildelingsrett* til bustaden. Kravet om tildelingsrett ber med seg at kommunen må disponere bustaden og dermed ha rett til å avgjere kven som skal bu der. Det er likevel ikkje noko krav om at kommunen sjølv skal eige eller framleige bustaden. Kommunen kan også disponere bustaden på anna grunnlag, til dømes gjennom avtale med ein privat utleigar. Tildelingsretten vil i desse tilfella vere basert på ein annan avtale mellom kommunen og den private.

## 4 Høyringsforslaget

I høyringsutkastet blei det føreslått å utvide tilgangen til å gje bustøtte til enkeltpersonar i bukollektiv ved å erstatte kravet om kommunal tildelingsrett i bustøttelova § 5 andre ledd med eit meir lempeleg krav om kommunal godkjenningssrett. Samtidig blei det føreslått enkelte språklege for- endringar av lovteksten i bustøttelova § 5.

## 5 Innspel frå høyringsinstansane

*Nav Askvoll* meiner at forslaget gjev ei positiv endring som vil kunne betre økonomien til dei mest vanskelegstilte på bustadmarknaden.

*Nav Porsgrunn* er positive til at flest mogleg av innbyggjarane deira får høve til å ta del i bustøtteordninga, og framhevar at bustøtte bidreg til at mange får ein betre økonomisk kvardag. Nav

Porsgrunn opplyser at dei i dag avviser fleire søknader fordi leigeforholdet ikkje er godkjent. Den føreslåtte lovendringa vil gje sakshandsamarane ein forenkla kvardag og føre til at kommunane sparar pengar på sosialbudsjetta sine. Nav Porsgrunn spør samtidig kva konsekvensar forslaget vil få for utleigarar, og viser til at erfaringa deira er at utleigarar skor seg på menneske som er i ein vanskeleg livssituasjon, og at mange utleigeiningar er i svært dårleg stand. Nav Porsgrunn trur også det kan by på utfordringar for kommunen å vurdere om ein bustad har eit helseføremål eller sosialt føremål. Mellom anna er det eit problem at bustadtildeling og bustøtte er ulike fagområde som ikkje er samla på same staden, og kven skal då definere og avgjere om bustaden er eigna? Vidare gjer Nav Porsgrunn merksam på at det kan vere vanskeleg for kommunen å vite sikkert om ein søkjar som seier at han leiger bustad av ein utleigar, i realiteten deler bustaden med ei veninne.

*Bergen kommune, Bærum kommune, Drammen kommune, Hammerfest kommune, Stange kommune og Sør-Varanger kommune* støttar forslaget.

*Nedre Eiker kommune* er positive til forslaget og viser til at dagens praksis har vore til hinder for ei smidig busetjing med bruk av private bustader til bukollektiv mellom anna til flyktningar. Endringa vil kunne bidra til at fleire kan sjølvbusetje seg i kommunen utan ei kommunal tildeling, og at fleire raskare vil kunne gå over til den private utleigemarknaden. Dette vil igjen gje raskare utskifting i kommunale flyktningbustader. Kommunen ber om at det blir presisert at ikkje alle leigetakarar treng å ha kvar si husleigekontrakt med utleigaren, men at ein av leigetakarane kan framleige til andre dei bur med. Bukollektivet vil likevel ha same funksjon, men utleigarar vil truleg vere meir positive til denne forma for utleige om dei berre treng å halde seg til den eine leigetakaren.

*Stavanger kommune* støttar forslaget. Kommunen spør om godkjenninga deira av bukollektiv skal vere eit enkeltvedtak med klagerett.

*Sula kommune* ser det som positivt at dei som bur i bukollektiv, også får høve til å ta del i dette samfunnsgodet. Ikkje sjeldan er det grupper med mindre god økonomi som nyttar denne typen bustadløyisingar, og ikkje minst vil dette vere til hjelp for kommunane som skal busetje flyktningar med knapp økonomi, meiner dei.

*Huseiernes Landsforbund* støttar forslaget.

*Juss-Buss* støttar forslaget og meiner at den føreslåtte utvidinga «er fordelaktig på samtlige områder».

*Leieboerforeningen* støttar forslaget. Leieboerforeningen viser samtidig til at bustøtteleva er ei lov basert på rettar, og uttrykkjer uro for at ein bryt dette prinsippet ved å innføre vurderingskriterium som er baserte på helse- og/eller sosialfaglege vurderingar, og vurderingar av kor eigna bustaden er. Leieboerforeningen er uroa for at lova dermed opnar for at det kan utvikle seg ulik kommunal praksis.

## 6 Vurderingar frå departementet

### 6.1 Frå kommunal tildeling til kommunal godkjenning

Departementet meiner at unntaksregelen i § 5 andre ledd er for snevert formulert når det er eit vilkår for å få bustøtte på individuelt grunnlag i eit bukollektiv, at kommunen har tildelingsrett til bustaden. Vilkåret om kommunal tildeling er utforma slik at flyktningar og andre som på eige initiativ skaffar seg bustad i eit rom i eit bukollektiv, ikkje kan få bustøtte. Dagens regel er også utydeleg formulert og fører til ulik praksis i kommunane.

Departementet følgjer derfor opp høyringsforslaget og føreslår å erstatte kravet om kommunal tildelingsrett i § 5 andre ledd i lova med eit meir lempeleg krav om kommunal godkjenning. Eit krav om kommunal godkjenning vil gjere det mogleg for flyktningar og andre som ønskjer å dele bustad med andre, å få bustøtte. Med ein slik ordlyd vil ikkje bustøtte til bukollektiv lenger vere avgrensa til bustader kommunen allereie disponerer. Kommunen kan etter forslaget godkjenne ein bustad i eit bukollektiv som søkjaren sjølv har funne. Føresetnadene er at kommunen finn at bustaden er eigna, jf. føremålet til bustøtteordninga om å bidra til eigna bustader for vanskelegstilte, og at personane i bukollektivet ikkje høyrer til same husstand, jf. skildringa av husstandsomgrepet ovanfor i punkt 3.4. Departementet legg vidare til grunn at godkjenninga frå kommunen må ha ei helse- eller sosialfagleg grunngeving, jf. omtalen under punkt 3.7.

### 6.2 Nærare om kva krav ein må stille til ein bustad som er del av eit bukollektiv

For å opne for at personar som bur i eit bukollektiv med ei helse- eller sosialfagleg grunngeving, kan få bustøtte på individuelt grunnlag, føreslår departementet nokre endringar i dagens § 5.

Departementet føreslår å føre vidare dagens unntak frå kravet om at bustaden må vere sjølvstendig og ha eigen inngang, jf. § 5 første ledd bokstav b. Vidare føreslår departementet å føre vidare unntaket frå kravet om at bustaden (rommet) må ha eige bad og toalett, jf. § 5 første ledd bokstav c (første del av føresegna). Bad og toalett må vere tilgjengeleg i bukollektivet sjølv om det ikkje skal vere eit krav at desse fasilitetane finst innanfor det arealet som bustøttemottakaren har einerett til å disponere.

Dagens § 5 andre ledd opnar etter ordlyden for at ein kan gjere unntak frå kravet i § 5 første ledd bokstav c (andre del) om «høve til kvile og matlaging» når bustaden er organisert som bukollektiv, men dette har neppe vore tilsikta. Ein bustad som ikkje gjev høve til å kvile, sove og lage varm mat, er ingen eigna bustad. Departementet meiner derfor at lovteksten tydelegare enn i dag må vise at også bustader som er del av eit bukollektiv, må gje høve til kvile og ha tilgang til kjøkken. For å gjere det tydeleg at ein kan gjere unntak frå kravet til eige bad, toalett og tilgang til kjøkken så lenge desse fasilitetane er tilgjengelege i bukollektivet, men ikkje frå kravet om at det må vere mogleg å kvile på eige rom, føreslår departementet at kravet om høve til kvile blir skilt ut i ein eigen bokstav d.

### 6.3 Nærare om godkjenningssrolla til kommunen

Kommunen bør ha ei viss aktivitetsplikt. Bustøttesøkjaren kan sjølv finne ein bustad, men kommunen skal godkjenne bustaden.

Kommunen skal godkjenne at bustaden har ein akseptabel standard, og at han eignar seg for at fleire kan bu saman i eit kollektiv. Dersom kommunen ikkje kjenner til den aktuelle bustaden frå før, kan kommunen synfare bustaden dersom dei finn det nødvendig for å kunne godkjenne han. Kommunen må selv vurdere kor omfattende undersøkingar som skal gjøres for å godkjenne bustaden. Dersom dei som bur i bustaden høyrer til same husstanden, til dømes fordi dei er gifte eller sambuarar, er det ikkje tale om eit bukollektiv der ein kan søkje bustøtte på individuelt grunnlag.

*Nedre Eiker kommune* ber om at det blir presisert at ikkje alle leigarane treng å ha kvar si husleigekontrakt med utleigaren, men at ein av leigarane kan framleige til andre dei bur med. Kommunen viser til at bukollektivet likevel vil ha same funksjon, men at utleigarar truleg vil vere meir positive til denne forma for utleige dersom dei

berre treng å halde seg til éin leigar. Departementet er einig i at det bør vere nok å vise fram ein kontrakt om framleige.

*Stavanger kommune* spør om godkjenninga deira av bukollektiv skal vere eit enkeltvedtak med klagerett. Departementet legg til grunn at vurderinga og konklusjonen til kommunen på dette spørsmålet ikkje i seg sjølv er eit enkeltvedtak som ein kan klage på. Men dersom vurderinga til kommunen av spørsmålet er årsaka til at søkjaren får avslag på søknaden om bustøtte, vil ein på vanleg måte kunne klage på avslaget. Ein vil då kunne gripe spesielt tak i den aktuelle delen av vedtaket.

*Leieboerforeningen* viser til at bustøtte er ei velferdsordning som er basert på rettar, slik at søkjaren har rettskrav på støtte dersom vilkåra er oppfylte. Foreininga er uroa for at ein bryt dette prinsippet når kommunen skal bruke kriterium som er baserte på skjønn, for å vurdere om busetjing i bukollektiv har ei helse- og/eller sosialfagleg grunngeving, og om bustaden er eigna. Til dette vil departementet peike på at kommunane etter dagens reglar må vurdere dei same kriteria. Dette lovforslaget innfører ikkje nokon nye kriterium. Departementet vil vidare opplyse at det ikkje er uvanleg at lover som er baserte på rettar, har vurderingstema der det blir brukt skjønn, på vilkårsida i ei føresegn.

## 7 Økonomiske og administrative konsekvensar

Departementet forventar at kommunane i større grad vil nytte bukollektiv til å busetje vanskelegstilte dersom bustøtta blir utvida i tråd med dette lovforslaget. Bukollektiv kan vere rimelegare for kommunane enn å busetje i sjølvstendige bustader. Behovet for kommunal støtte til bustad vil truleg bli redusert når fleire vanskelegstilte både kan busetje og få statleg bustøtte. Det kan også vere nødvendig å følgje opp kollektiva. Endringa skal ikkje gje meir arbeid for kommunane. Kommunane er allereie involverte i saker om busetjing av vanskelegstilte og kjenner normalt til bustadene og dei som skal bu der. Utvidinga til bukollektiv gjev kommunane eit større handlingsrom, men legg ingen nye krav på kommunane. Det er derfor ikkje forventa at kommunane nyttar seg av høvet til å busetje vanskelegstilte i bukollektiv med mindre det er lønnsamt.

Det er knytt stor uvisse til dei økonomiske konsekvensane av lovforslaget, men det er grunn til å tru at det samla sett vil gje ei innsparing for

samfunnet. Det er vidare grunn til å tru at endringa vil gje raskare overføring frå mottak til busetjing i kommunen. UDI har opplyst at det kostar om lag 152 000 kr for ein vanleg asylmottaksplass i løpet av eit år. Kostnaden til utbetalt bustøtte til ein person i bukollektiv er rekna til 25 000 kr per år.

Lågare buutgifter i bukollektiv enn i sjølvstendig bustad vil likevel berre i mindre grad gje innsparing i bustøtta fordi fleirtalet av mottakarane har buutgifter som overstig det som blir dekt i bustøtta. Departementet reknar med – på usikkert grunnlag – at om lag 2 200 nye husstandar i bukollektiv vil få bustøtte ved å opne for «kommunal godkjenning» i 2016. Det vil vere eit press på busetjing av flyktningar framover, og denne gruppa vil truleg utgjere hovudtyngda av dei nye mottakarane. Samla sett er det grunn til å tru at endringa vil gje ei innsparing for samfunnet. Endringa vil truleg gje ei jamn tilstrøyming av nye mottakarar til bustøtta gjennom året. Dette gjer til at overslaget for løyvingsbehovet aukar med 21 mill. kroner i 2016. Heilårseffekten for bustøtta i 2017 er rekna til om lag 73 mill. kroner.

Lovendringa skal evaluerast etter tre år.

## 8 Merknader til dei enkelte føresegnene i lovforslaget

### *Til § 5 første ledd*

Forslaget er nærare omtala i punkt 6.2.

Dagens § 5 andre ledd opnar etter ordlyden for at ein kan gjere unntak frå kravet i § 5 første ledd bokstav c (andre del) om «høve til kvile og matlaging» når bustaden er organisert som bukollektiv. For å gjere det tydeleg at ein kan gjere unntak frå kravet til eige bad, toalett og tilgang til kjøkken så lenge desse fasilitetane er tilgjengelege i bukollektivet, men ikkje frå kravet om at det må vere mogleg å kvile på eige rom, er kravet om høve til kvile skilt ut i ein eigen bokstav d.

### *Til § 5 andre ledd*

Forslaget er nærare omtala i punkt 6.1 og 6.3.

Kravet om kommunal tildelingsrett slik det er i dag, blir erstatta med eit meir lempeleg krav om kommunal godkjenning. Med ein slik ordlyd vil ikkje bustøtte til bukollektiv lenger vere avgrensa til bustader kommunen allereie disponerer. Kommunen kan dermed godkjenne ein bustad i eit bukollektiv som søkjaren sjølv har funne.

Føresetnadene er for det første at kommunen finn at bustaden er eigna. Dette følgjer av føremålet til bustøtteordninga om å bidra til eigna bustader for vanskelegstilte. For det andre må kommunen vurdere om personane i bukollektivet høyrer til same husstand. I så fall skal dei ikkje kunne kvalifisere for bustøtte etter den utvida regelen. Ein husstand består av ein eller fleire personar, eventuelt ein eller fleire familiar, som har felles hushald. Felles hushald føreset at husstandsmedlemmene i større eller mindre grad har felles økonomi, til dømes gjennom felles innkjøp av daglegvarer, felles betaling av reknningar og ved at dei et eitt eller fleire daglege måltid saman. Der som personane i bustaden er gifte eller sambuarar, skal ein alltid vurdere at dei høyrer til same husstanden.

Når personane i bustaden derimot kvar for seg betalar for daglegvarer og anna livsopphald, er det forhold som trekkjer i retning av at kvar enkelt av dei etter dette lovforslaget utgjør ein husstand som på sjølvstendig grunnlag kan søkje om bustøtte.

Godkjenninga frå kommunen må – på same måten som tildelinga etter dagens lov – ha ei helse- og/eller sosialfagleg grunngeving. Personar som bur kollektivt i omsorgsbustader og liknande, er døme på bustaddeling av sosiale eller omsorgsrelaterte årsaker. Kommunal busetjing av flyktningar vil vere eit klart døme på eit sosialt føremål. Terskelen for å godkjenne ei sosial årsak som grunngeving for å bu saman med andre i bukollektiv er meint å vere låg.

### *Til ikraftsetjingsregelen*

Departementet føreslår at lova skal gjelde frå den tida Kongen fastset.

Lovendringane er ikkje av ein slik art at det er behov for overgangsreglar.

Endringar i bustøttelova (bustøtte til enkeltpersonar i bukollektiv)

Kommunal- og moderniseringsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i bustøttelova (bustøtte til enkeltpersonar i bukollektiv).

---

**Vi HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak til lov om endringar i bustøttelova (bustøtte til enkeltpersonar i bukollektiv) i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

### til lov om endringar i bustøttelova (bustøtte til enkeltpersonar i bukollektiv)

#### I

I lov 24. august 2012 nr. 64 om bustøtte skal § 5 lyde:

#### § 5 *Krav til bustaden*

Vilkår for å få rett til bustøtte er at bustaden

- a) er godkjend som bustad
- b) er ein sjølvstendig bustad med eigen *inngang*
- c) har eige bad og toalett og gjev *høve til matlaging, og*
- d) gjev *høve til kvile.*

*Personar som av helse- eller sosialfaglege årsaker bur i eit bufellesskap utan å høyre til same husstand, kan få bustøtte på individuelt grunnlag dersom kommunen godkjenner at bustaden er eigna. Kommunen kan i vurderinga av om bustaden er eigna, gjere unntak frå kvalitetskrava i første ledd bokstav b. Kommunen kan også gjere unntak frå krava i bokstav c dersom funksjonane som er nemnde der, er del av bufellesskapet elles.*

#### II

Lova gjeld frå den tida Kongen fastset.

